

Underskrifter frå næringslivet med støtte for eit lokalt brannvern.

05.02.2020



Næringslivet i Uskedalen argumenterer sterkt for å ikkje leggja ned brannstasjonen ( Arkivfoto ).

**Saka om framtidig brannvern kjem opp i Fomannskapet i morgen, torsdag 6. februar. Næringslivet og nokre organisasjonar har sendt skriv til politikarane med opprop om å halda fram med brannvern og brannstasjon i Uskedalen.**

**Til Formannskapet og varamedlemmer i Kvinnherad kommune.**

Vedrørende Saksframlegg til formannskapsmøte 6 februa r2020. Alternativer til brannstasjonsstruktur i Kvinnherad kommune.

Vi har følgjande kommentarer / spørsmål til innstilling frå kommunedirektøren ( saksbehandlar: Atle Josdal) der Kvinnherad kommune skal endra brannstasjonsstrukturen i tråd med alternativ 3 i saksutgreinga som medfører nedlegging av Uskedalen og Fjelberg brannstasjon.

**Innleiing:** Det er frustrerande både for innbyggjarane og næringslivet å bu i ein kommune, der ein opplever at Uskedalen brannstasjon mange år tilbake i tid, og fortsatt skal bli handsama som ein «saldersingspost» i formannskap og i kommunestyre, etter innstilling frå brannsjef og kommunedirektør ( tidlegare rådmenn ).

Uskedalen er ei bygd med 1052 innbyggjarar. Bygda er i vekst med nye husvære i øvre Korsnes og nye bustader er planlagt i sentrum. Industriområdet på Børnes er i vekst og nye bedrifter er etablert på Eidsvik Eigedom sitt verftsområde. Jordbruk er og ei stor og viktig næring i Uskedalen.

**Uskedalen Brannstasjon:** Branntroppen i Uskedalen har i dag 8 brannmenn i sin beste alder og alle er godkjente røykdykkarar. Etter vårt syn må dette vera ein stor og viktig ressurs også for branntroppen på Husnes og i Rosendal. Det er nemt i saksutgreinga at folk ikkje bur og arbeider på same stad lenger, og at dette er ei utfordring for beredskapen på dagtid. Vi kan ikkje sjå at dette skal vera eit moment for nedlegging av enkelte brannstasjonar. Vi har fortsatt 16 timer igjen av døgeret + helgane.

I saksutgreiinga er det lagt vekt på at utrykningstida frå Husnes er 15 minutt til Uskedalen og 13 minutt frå Rosendal. Dette synes vi høyles litt optimistisk ut, då brannmenn både i Rosendal og Husnes bur i ulike avstandar fra brannstasjonane, og treng ei viss tid til frammoetestad. Gardsbruka i Uskedalen ligg på begge sider oppover dalen og frå sentrum til øverste gardsbruket er det ca. 9,5 km. Tidsfaktoren er ein av dei viktigaste faktorane med tanke på redning av liv og verdiar. Etter vårt syn må Kvinnherad kommune oppretthalda dei brannstasjonane ein har i vår langstrakte kommune.

Skal ein få til nyetableringar i næringslivet og auke i folketalet så meiner vi at nedlegging av Uskedalen brannstasjon vil vera svært negativt, også med tanke på framtidige etableringar på Børnes og i andre bygder. Nedlegging av Uskedalen brannstasjon vil etter vårt syn svekka beredskapen i heile kommunen, spesielt for Husnes og Rosendal ved større aksjonar.

#### **Kommentarer / spørsmål til saksframlegg.**

Vi stiller oss undrande til oppstillinga Samanlikning med andre brannvesen  
Kvinnherad kommune er langstrakt med fjord og fjell, øyer og ferjestrekningar og det er naturleg at ein har fleire brannstasjonar enn dei kommunane som er nemt i denne samanlikninga.

Pålegg frå Arbeidstilsynet i 2016 der det vart avdekkja til dels store manglar ved alle brannstasjonane i Kvinnherad kommune. Kvifor har ein ikkje sett i verk tiltak for å betra situasjonen på eit langt tidlegare tidspunkt?

#### **Tidlegare handsaming:**

I Formannskapet den 06.12.2018: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.  
Kvinnherad formannskap vil be om utgreiing om det er mogleg å omgjera stasjonane i Uskedalen – Halsnøy – Åkra – Fjellberg til depot som sikrar lokal beredskap og tidleg innsats.

Formannskapet ber vidare rådmannen gå i ny dialog med Arbeidstilsynet med sikte på å få i stand løysing for å vidareføra dagens brannordning. Dette vert å leggja fram i ny sak for formannskapet. Har dette vore oppe som ny sak i formannskapet ?

Vi kan ikkje sjå at det er nemt noko om dette i saksutgreiinga til møte den 6 februar.

#### **Kostnader: Ombygging av brannstasjonar.**

Her viser ein eit oppsett med oppgradering av 5 brannstasjonar x 2,6 mill = 13 mill i alternativ 1. I alternativ 3 går ein for nedlegging av Uskedalen og Fjellberg og kostnadane er redusert til 3 x 2,6 mill = 7.8 mill.

Vi vil tru at det er snakk om ulike kostnader som må til på dei ulike brannstasjonane. Etter vårt syn bør kostnadane som legges til grunn vera eks mva. Vi synes saksutgreiinga ber preg av akkumulerte kostnader som følge av manglande vedlikehald og fornying av utstyr over lengre tid, samt pålegg frå Arbeidstilsynet i 2016.

Det er nemt at det ein vil spa på nedlegging av Uskedalen og Fjellberg brannstasjonar ca. Kr. 900.000 skal nyttast til tilsetjing av 1 person i fast stilling.

Får vi eit betre brannvern av det ?

Kvinnherad brann og redning har dei siste åra fått nye oppgaver med tanke på ulykker, livredning, (First respond) LHR – hjartestarter – opplæring frå Luftambulansen), ekstremvær, oljesøl og eit tettare samarbeid med politi og ambulanse. Desse tre etatane utgjer Kvinnherad kommune sitt beredskaps og redningsteam. Sist men ikkje minst har vi motiverte og gode brannmenn som saman med politi og ambulansetenesta gjer ein fantastisk jobb i lokalsamfunnet.

Vi saknar og ein uttale frå politiet og ambulansetenesta i denne viktige saka.

Vi har den tillit at de som folkevalde gjer beslutningar for brannstasjonane våre som ivaretar sikkerhet for liv/helse og materielle verdiar for innbyggjarane og bedriftene i heile kommunen.

Med vennlig hilsen

Eidsvik Eigedom AS - Prosjekt Konsult Kvinnherad AS - Kest Eiendom AS -  
Brødrene Musland Maskin - AS Brødrene Hjønnevåg AS - S.Rødsten Bilforretning AS - HT Industri AS - Tveiten Maskin AS - Selstad AS - Dimmelsvik Bil AS - Slangeservice AS - Reins Maskinering AS - Gro's Blomster - Arne J. Haugland Maskin AS - Uskedal Eigedom - MultiSolutions AS - EM Holding AS - Spar Uskedalen - Auto 88 AS - Uskedalen Utvikling - HMR Husnes AS

Tekst: Pressemelding

Foto/ nett: Kristian Bringedal